



Jan Henrik Hansen skiftar tau på dissene(huskene).

For tilreisande er det viktig med aktivitetstilbod for borna. For å tilfredstilla dette behovet er det nokre leikeapparat både i båthamna og på campingplassen. I føremiddag trefte eg på Jan Henrik Hansen i Uskedal båtlag då han var i gong med å skifta tau på dissene, eller huskene, som mange seier.

I tillegg til dissene er det ei lita sklie, velfyllt sandkasse med ny sand, fotballmål og nokre andre småapparat til leik. Den flotte plenen er veileigna til mange gode sommaraktivitetar.

I tillegg er det mange, både bygdefolk og tilreisande, som nyttar seg av leikeapparata i skuleområdet. Det ligg nært til i ein gangavstand på eit par hundre meter.

Elles er båtlaget spente korleis både tilreisande og bygdefolk kjem til å gjera seg bruk av det nye store teltet som dei sette opp tidlegare i år. Hansen kan også fortelja at det er skifta takdekke på alle naustbodene då dette vart øydelagt i stormen Nina. Uskedal Trelastlager Byggeriet har gjort jobben.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland